

# ORKDAL MENIGHETSBLAD


Nr. 7

SEPTEMBER 1977

27. årgang

DEN SOM VEIT KVA  
HAN BURDE GJERA,  
MEN IKKJE GJER DET,  
HAN SYNDAR.

Jak. 4, 17.



## La oss bygge Fjellkyrkja med takk og lovsong til Gud!

Ordføreren i Kristiansand, Harald Synnes, formår i «Familien» 28/6/77 eit ønskje om ei framtidsløv: «*Det som enkeltmennesker, grupper og organisasjoner gjennom frivillig innsats viser er viktig for dem, skal også være viktig for samfunnet*». Eit slikt toleransesyn makta ikkje Orkdal kommunestyre å følgje i sitt nei-vedtak til Søvasskjølen fjellkyrkje.

Utan argumentasjon gjekk fleirtalet — heile AP. og SV. pluss ein frå V. og ein frå SP. — imot kyrkjestøtte, slik blei stemmetala 25 mot og 19 for. Dei som gjekk inn for kommunal støtte og garantiordningar var KRF, H, DNF, og resten av SP. og V. Sidan nei-stemmene var tause, får vi reflektere litt. Det kan i alle tilfeller ikkje vere økonomiske grunnar til det nei som var gitt. Om det var tilfelle, ville et nei til garanti av eit statleg lån på kr. 200,000 vere ein enorm mistillit til dei fire sokneråda i prestegjeldet. Og om det skulle bli snakk om ei kommunal direktestøtte på kr. 100,000, så er det ein dråpe i havet i Orkdalsbudsjettet. Sett i forhold til innleiingssitatet frå ordføreren i Kristiansand så er dette lite i den samanheng at en privat satsar godt millionen til Fjellkyrkja. Her er det altså snakk om åndskamp og ikkje økonomisk realpolitikk. Det er noe som vi har forstått lenge som her kjem tydeleg fram i dagen. Når ein på same kommunestyremøte går imot kristen formålsparagraf for førskolen, så synest bildet å vere svært så klårt.

I mellomtida kan det vere godt å vite kva ein har å bygge på. Motstand sporar i alle fall oss til enda større innsats for saka. Nettopp det som har skjedd har gjort oss enda meir visse på at Søvasskjølen fjellkyrkje bør kome snarast råd. Det hastar så vi kan få enda ein mulighet til å forkynne Jesus Kristus som vegen, sanninga og livet. Den kristne

Framh. s. 8.




Den nye prestefamilien på Orkanger

## Tjønnåsen blir innvigd!

Svornospeidarane sin kjempeline leirplass, Tjønnåsen blir innvigd søndag 11. september. Samlinga tek til kl. 15. Tjønnåsen har vore i bruk i fleire år alt, men no er hovudrestaureringa ferdig. Det vil vi markere med ein festdag. Hovudbygninga gir oppimot 25 overnattingsplassar. Det er godt kjøkken og kjempelin peisestove. Vi vil her takke alle som har støtta oss med tilordninga på Tjønnåsen. I første rekke er det ein takk for den glimrande støtte og samarbeid vi har fått med Statens Skogar med skogforvaltar Kåre Klæbo og skogfullmektig Ingebrigt Håpnes i spissen. Det er mest utruleg kor langt Statens Skogar har strekt seg for å hjelpe oss. Vi trur det er få speidargrupper i landet som kan skilte med så fin leirplass som Svorkmo KFUK/M no har fått.

## SLEKTERS GANG



## Døpte

## Orkland

- 26.6. Lene Lilleås (Meldal k)  
29.7. Jo Vegar Olso

## Orkdal

- 5.6. Morten Salberg  
26.6. Erlend Kvarme  
26.6. Tommy Øien  
3.7. Geir Harald Mjøs  
3.7. Heidi Kårmo  
3.7. Elisabeth Skålholt  
17.7. Renate Olsen (Loddefjord k.)  
31.7. Kristin Forvemo  
31.7. Siri Haugnes

## Orkanger

- 29.5. Elisabeth Bye (døpt i Hadsel)  
30.5. Gunvor Strand  
3.7. Marie Kolltveit Tøgstad  
3.7. Hanne Sellæg  
3.7. Veronika Beate Pedersli  
3.7. Morten Christopher Monsen  
3.7. Jan Tore Ophaug  
3.7. Hans Erik Sellevik  
3.7. Terje Ustad  
17.7. Hilde Mogstad (Mo k. Surnadal)

## Geitastrand.

- 17.7. Chatrine Flydahl  
17.7. Bodil Tefrum



## Vigde

## Orkland.

- 11.6. Svein Skare og  
Annfrid Lyngved  
25.6. Karl Severin Sivertsvik og  
Anne Irene Nilsen  
2.7. Jostein Høivik og  
Gunn Astrid Melås (Tastad k.)  
9.7. Inge Elshaug og  
Aud Kari Dølen  
Orkdal.  
2.7. Jan Knut Biering-Strand og  
Jorhild Eklid  
9.7. Aasmund Frøseth og  
Aud Toril Lillerønning  
9.7. Einar Solligård og  
Johanne Margrete Fagerholt  
9.7. Eivind Garberg og  
Gøril Inger Solhus

- 23.7. Gunnar Withbro og  
Bodhild Sæterbakk  
23.7. Geir Aas Romundset og  
Eli Olava Tømmervik  
23.7. Kåre Bjørne Volden og  
Torill Eireen Sveen  
6.8. Brynjar Heli og  
Solbjørg Skjølbeng

## Orkanger

- 28.5. Hans Christian Falch og  
Aud Petra Kristiansen  
(Tresfjord k.)  
18.6. Oscar Sabado og  
Annie Hegglund  
16.7. Roger Kirkefjell og  
Torill Kitty Olaug Sørfjord  
(Røsvik k.)  
6.8. Inge Skauvik og  
Lillian Handberg  
6.8. John Nordli og  
Gudrun Johansen

## Geitastrand

- 23.7. Steinar Landrø og  
Brit Johanne Sletvold



## Døde

## Orkland

- 2.6. Jørgine Høsten f. 1899  
7.6. Ola O. Lium f. 1893  
12.6. John Halkli f. 1920.  
27.6. Eli Groven f. 1901  
29.6. Gurina Eggen f. 1891  
18.7. Olufine Øyum, f. 1891

## Orkdal.

- 7.6. Edvard Almlø f. 1891  
12.6. Oline Reitan f. 1892  
10.6. Helmer Engen f. 1920.  
11.6. Karl Snøsen f. 1924  
27.6. Olga Kristine Lyngen f. 1896  
5.7. Anders H. Lillery f. 1893  
10.7. Ivar Fredrik Sølberg f. 1900  
15.7. Johan A. Røhme f. 1889  
16.7. Gunnar Asphaug f. 1914  
18.7. Marit P. Advending f. 1906  
20.7. Harald Noremsaune f. 1898  
20.7. Ingeborg Setnan Jakobsen

## Orkanger

- 4.6. Olav Folkedal f. 1937  
8.6. Frøydis Mælen f. 1900  
22.6. Martin Wiggen f. 1907  
27.6. Kristian Haugen f. 1896  
20.7. Synnøve Bjørnaas f. 1947  
21.7. Snorre Amundsen f. 1958

## I Guds skole

I Guds skole er det den forargelige ordning at bare gjensitterne får sitt vitnesbyrd!

Ja, dette leste jeg for en tid tilbake, og siden har ordene levd i tankene mine — av to grunner: Fordi en slik tilspisset form har lettere for å hake seg fast i sinnet enn sannheter sagt i runde, alminnelige vendinger. For det andre fordi ordene møtte meg som et lite evangelium, med bibelsk klang over seg. Jeg kjente igjen Jesu ord i Bergprekenen, om de fattige i ånden, om de som hungrer og tørster, de som sørger. *Salige* er de, sier Jesus.

Vi vil gjerne se det helt anderledes, både i Guds rike og i denne verdens sammenhenger.

Hvem er det som får de gode vitnesbyrd? Det er de flinke, de vel-talende, de som lykkes og får det til. Det er de som har litt ekstra å fare med, som gjør at de blir lagt merke til. Og det stemmer jo med logikk og rimelighet.

Gud handler ikke etter vår fornuftige logikk. Det som er dårlig i verden, det som er svakt, det som er lavt og ringeaktet, og som ingenting er — det utvalgte Gud seg, sier apostelen. Og Gud har knapt lagt om sin måte å handle på siden den gang. Han hadde lært det av sin Herre og Mester, som minner oss om at de friske ikke trenger læge, men de som har ondt.

Slike sannheter blir som redningsbelter som Han kaster ut til oss når vi ingen redning ser, og vi synes vi holder på å gå til bunns. Skralt kan det bli med troen, smått med følelsene, og livet er ofte slik at vi har bare en eneste bønn å stamme på: Gud, vær meg syndig nådig! Godt er det da at vi har svaret på en slik bønn i Jesus.

Skal vi da gi en god dag i alt som heter lekser og lærdom og oppmerksomhet i skolegangen hos Gud? Være late og likeglade og lettsindige og trøste oss med at det saktens blir en råd? Er det oppskriften for den som går i Guds skole?

Former vi spørsmålene slik, tror jeg at de fleste uten videre merker at

Framhald s. 8.

## Geitastrand.

- 18.6. Harald Isaksen f. 1914.

## MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Gunerius Kjæren Jorhild Ljøkjel  
Agnes Singstad

Redaktør: Inge Eidhamar

Kasserar:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgiror.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

## Intervju med nypresten

Audun Slettahjell tiltrer som kallskapellan i Orkdal fra 10.8. Stillingen har vært ledig i over 4 år nå siden Leif Lund-Berg dro til Koppang. Det er i stor taknemlighet vi nå presenterer nypresten. Hvorhen er du så ifra Slettahjell? «Jeg kommer fra Byneset. Vokste opp i en kristen heim. Mor og far tok oss med til kirka og til bedehuset helt fra vi var små. Jeg er 31 år gammel. Kona mi heter Ann-Elin og kommer fra Trondheim. Vi har to barn sammen. Solveig som er 6 år, og Olav som er 2½. Kona mi er utdannet sykepleier på Menighetssøsterhjemmet i Oslo».

Vi spør videre om skoleveien fram til teologisk embetseksamen? «Jeg gikk først to år på Fredly Folkehøgskole. Deretter ble det 4 år på gymnaset her i Orkdal. Det ble rike år med mange gode kristne venner. Det var i gymnastida at tanken om å studere teologi meldte seg. Jeg var i tvil om dette var den veien Gud ville at jeg skulle gå, men det ble til at jeg begynte i 1968. Studiet tok 8 år. Det var ofte hardt, pensum virket noen ganger nesten uoverkommelig, men jeg kom vel igjennom alle eksamener. Selv om studiet har vært hardt så har det vært rikt og det er god ballast å ha med seg når en skal ut i prestatjenesten.»

«Nå har du vært feltprest et år, kan du gi noen uttalelser om det?» «Jeg vil si at tida i forsvaret var positiv. Som feltprest kommer en i kontakt med mennesker som aldri ellers har kontakt med hverken prest eller kristendom. Det er en veldig anledning til å forkynne evangeliet. Ellers gjør en feltprest mye som han egentlig ikke har noen utdannelse i. På mange måter fungerer han som en sosialarbeider. De som oppsøker presten på kontoret gjør det som regel for å få hjelp med sosiale problemer som de har».

Forventninger og ønsker for tida på Orkanger, vi lurer mye på hvordan disse ser ut på trykk?

«Vi gleder oss til å slå oss ned på Orkanger og ta fatt på oppgaven. Men samtidig er vi også spente. Vi vet at tjenesten er stor og krevende. Men vi får lov å tro at det er Guds vilje at vi skal være her og da vil han gi kraft for hver dag. Vi vil også be om at dere som ber til Gud også tar oss med i deres bønner. Det å vite at det er noen rundt i menigheten som husker på en i

bønn gir grunn til stor frimodighet». Så får vi ønske lykke til! «Stell godt med den unge mann», sa biskop Norderval ofte. Det er et vidtfavnende ønske.



## Eldretreff

Bildet syner glimt fra eldretreff på Bakksæter. To gode venner i kjærleg passiar. Eldretreff og eldreturar tek til å få faste tradisjonar i alle fire sokna no. Dette arbeidet skal utvidast. Mellom anna er det aktivt arbeid igang for å få tilsett ein soknediakon til å lede dette. Vi ser også på reisinga av Søvasskjølen fjellkyrkje som eit viktig ledd i menighetens eldreomsorg.

## Rett prioritering!

Ord av Jesus:

Ein i folkehopen sa til han: «Meister, sei til bror min at han skal skifte arven med meg!» Men Jesus svara: «Ven, kven har sett meg til å døme eller skifte mellom dykk?» Så sa han til dei alle: «Ta dykk i vare for haveisykje! For det er ikkje det du eig, som gjev deg livet, om du har aldri så mykje.» Og han fortalde dei ei likning:

Det var ein gong ein rik mann. Jorda hans hadde bore godt, og han tenkte med seg: «Kva skal eg gjere? Eg har ikkje rom åt grøda mi. Jau, no veit eg det: Eg riv ned løene mine og byggjer dei større, der kan eg samla kornet og alt eg ellers eig. Så vil eg seie til meg sjølv: No har du mykje godt liggjande for mange år. Slå deg til ro, et, drikk og ver glad!» Men Gud sa til han: «Du dåre! I denne natt krev dei livet ditt av deg. Kven skal då ha det du har samla?»

Slik går det med den som samlar seg skattar og ikkje er rik i Gud. (Luk. 12, 13-21).

Sel det de eig, og gjev pengane til dei fattige. Få dykk pungar som ikkje kan slitast ut, ein uforgjengeleg skatt i himmelen, der tjuvar ikkje kjem til, og mól ikkje øyder.

For der skatten din er, der vil og hjarte ditt vere. (Luk. 12, 33-34).

Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre attåt. (Matt. 6, 33).



### Overlege Gordon Jonssen

Ikjem på Orkdalsbesøk igjen. Det er noe å glede seg til. Han blir med på kulturkveld på Grøtte laurdag 24.9., og han talar ved gudstenesta i Moskyrkja 25.9. Den landskjente psykiateren har alltid noe å gi.

### Speidarleiren

på Julneset ved Molde blei ei fin og god oppleving for jentene og gutane frå Svorkmo og Fannrem som var med. Speidarane våre gjorde ein fin innsats på leiren, og medaljedryssset til oss var over måte.

### Mange har feira bryllaup

i sommar. Det har vore fest i kyrkjene ved vigslene. Vigsel er ei menighets-handling, ei gudsteneste. Desverre er det også mange som berre flyttar saman utan vigsel også i vårt prestegjeld. Vi undrar oss over dei som vil optre så overfladisk både mot seg sjøl og mot andre.

### Gravferdene

har også vore mange. Sorga har gjesta mange heimar i dalen. Men vi har også merka takk, takk til trufaste foreldre, ektefeller, søsken og venner. Alle dødsfalla skulle minne oss om å «beskikke vårt hus». Er vi ferdige til å møte «brudgommen når han kjem?»

### Menighetssekretærstillinga

er utlyst med søknadsfrist 15. august. Det har vore interesserte for å få opplysningar om stillinga, så vi vonar det blir søkjarar.

### Rektor Olav Sjømøling

har sagt seg villig innbil vidare å fungere som organist i Moe kyrkje. Vi ønskjer vel møtt til samarbeid, og takkar for at han midt i sitt arbeidspress var villig til å hjelpe til før fast organist blir tilsett. Kommunestyret har enno ikkje drøfta utlysinga av organiststillinga i Moe.

### Egil Storbekken

gledde oss stort med å ta del ved oskugudstenesta i Moe kyrkje. Steinar Jakobsen med orgelet og Egil Storbekken med tussefløyta fekk til mange fine låtar.

## Gåver til bladet

### Orkanger (april-mai)

S. Toresen 25. Marie Gisvoldløkk 10. Gunda og Erling Fagerholt 20. Paul og Aslaug Hansen 10. Karen Svensson 10. Oddveig og Arnt Lien 20. Ingeborg Leknes 20. Toralf Skogås 20. Elen Johansen 20. A.E. 15. Anne og Arnt Sundli 20. Johanne og Ch. Nervik 10. Maren og Svenn Bakke 20. Elfrida Solberg 10. Jonetta Holdvagt 10. Margith Steen 10. Berit Røhmesmo 15. Karen Rikstad 20. S. og S. Torgård 20. Gudrun Johansen 20. Oline Finstad 25. Klara Nervik 10.

### Utenbygds:

Johanna Vilvang, Elvarli 10. Ellen Richter, Tr.heim 20. Jenny Sveeggen, Lunner 50. Ingrid og Bjørn Kvåle, Lillehammer 20. Gjertrud Løkken, Meldal 20. Anne Haugen, Tr.heim 40. I.M.'s distriktskontor, Meldal 20. Ellen og Trygve Reitan, Moide 25. Margit Melås Aursand, Frosta 30. Arne Elkli, Aurskog 20. Hedny og Arnt Andersen 20. Johanna Rånes, Tr.heim 10.

### Orkdal:

Arnt Gangås 50. Sigrid og Anton Løvås 40. A. og J. Asbjørnslettet 50. Aagot Aksnes 10. Solveig og Erik Kvernvik 20. John Hestnes 20. Jon Eggen 20. Gunvor og Olav Sæter 20. Eli og John Eide 15. Ella Wolden 20. Kari og Odd Lillery 20. Maren og Lars Gangås 20. Rasmus Kråkenes 20. Asbjørg og Marius Søvassli 20. Lina Svorkdal 40. Jenny Sletvold 20. Mali Lervik 20. Ole Kårmo 20. Arne og Oline Hokkolegg 30.

### Orkland:

Håkon Kværnvik 20. Rannveig Tronvoll 20. Berit O. Berbu 20. Kristin Svorkmo 50. Borghild og Reidar Aa 15. Signe Wahl 10. Hanna Gundersen 10. Anna Liium 10. Stenetta og Arne Solem 25. Ruth Selbekk 20.

### Gjelme — Geitstrand:

Oline Selbekk 20. Ole Thorstensen 10. Alida og Sverre Kjønlø 20. Gunnar Asphaug 10. Eli Hagestrø 20. Edv. Almli 15. Helga og Ola Sletvold 20. Beret og Jakob Sletvold 20. Kari og Knut Solbakken 15. Guri og Arnt Ofstad 30.

### Støtt reisinga av Søvasskjølen fjellkyrkje.

Hugs postgiro 3 67 54 36 — 7310 Gjelme. Vi har også konti i bankane i Orkdal. Kvart inn-sendt bidrag er til hjelp for oss både økonomisk og moralsk i arbeidet for å få reist dette viktige kyrkjeseintret.

## Ansvar —Varde

Avholdsfolk bruker sine egne forsikringsselskaper for hus, heim, næringsvirksomhet, bil, motorsykkel og traktor.

Snakk med våre representanter: Brage Fagerli, Svorkmo t. 2113. Sigmund Haugset t. 82362 eller distr.repr. Ivar K. Gangås t. 82175

## SØLVVARE til BARNEDÅP BRYLLUP KONFIRMASJON Gullsmed

John  
RØHME

7300 Orkanger

### ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes, Johan Fagerholt, Ane Øyasæter, Harald Metliås, Einar Bjørndal, H. Sivertsen, Borghild Asphjell, Dagny Korsli, Lars Bonvik, Harald Hukkelås. Bankane.

### ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.

### ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos: Harald Hukkelås Bankane.

### GEITASTRAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Gunerius Kjøren

## Vår tids største problem

er fostring av våre barn og unge. Rundt i heimane er det mange foreldre som er mistrøstige over ungdomane sine. Dei vart ikkje heilt dei kjekke og reale ungdomane som mor og far hadde vona. Og så legg foreldra skyld på seg sjølv. Var det vi — var det eg — som ikkje heldt mål?

No er det klart at slike samvitsspørsmål ikkje kan få eit ein-tydig svar, ja eller nei. Vårt samfunn er vorte så ihopfløkt at ein vanskeleg kan spora alle røter til ungdoms (og eldres) framferd og åtferd.

Vi lever i massemedias tidsalder og det gjer at vi får alle moglege synsinntrykk — hørselsinntrykk og livsmeiningar presentert i stua vår, før vi vinn å sansa at dei er der alltid. Og alt er med på å forma oss — til godt eller vondt. Det var udelte mykje lettare før då vi kunne rekna med — stort sett berre tre, fire fostringsgjevarar — trekløveret heim-skole-kyrkje og i tillegg til dette, det trykte ord i bok og avis.

Gjennom den største delen av vår soge fekk ikkje menneskja nokon skolering anna enn ved eksemplets makt i arbeid og yrke. Dei vart dugande menneske den gongen også — ut frå si tid. Det var kyrkja som skapte skolen for allmannen. Kyrkja innførte konfirmasjonen i 1736, og frå da av laut alle som ville konfirmerast kunna eit visst minstemål av kristendomskunne. Så fekk byar og bygder dei første skolemeistrar — klokkarar og degner som skulle lære inn i borna den naudsynte kunnskap. Ja, vi hadde no hatt «lærde skolar» i langsameleg tid, men det var for dei få — for dei utvalde. No fekk vi etterkvart almogeskolane for alle — kyrkja sitt ektefødde barn. Det er grunn til å understreka dette — no når ultraradikalarar stundom krev at kyrkje — kristendom og alt kyrkja sitt vesen skal ut av skolen. Det ropast om at vi må få ein konfesjonslaus skole. Det vil segja at barnet undseier si mor. Samstundes er eit lite mindretal livande redd for at vi i dei nye førskolane skal få kristen

oppsetting av barna. Istadenfor bordbøn må barna lære vryrdnad for dei livgjevande naturkrefter som gjev oss alt vi treng for å leva, er det sagt.

I vår skolehistorie er skolen sett til å stella med kyrkja si konfirmantoppsetting. Det er det mandat skolen fekk av mor si — kyrkja. Skulle skolen nokon gong segja frå seg dette oppdraget, så lyt kyrkja syta for denne oppsettinga på anna vis. Kor kjem så foreldra inn i dette mønster? Jo, det er dei som gjev det opphavslege mandat. FORELDRERET-TEN MÅ STA GRUNNFEST FRAMOM NOKO ANNA: Foreldra bær barna til dåp. 97 % av dei norske foreldra gjer enno det. Slik ber dei kyrkja hjelpe seg med den kristne fostringa. Kyrkja har så delegert noko av kristendomsfostringa vidare til skolen. Slik får vi samarbeidsfaktorane — heim, skole og kyrkje.

Det er klart, sikkert for alle at ingen kan forma barnet så godt som mor og far. I dei mange hundretusener heimar landet vårt over var det nok mor og far, bestemor og bestefar som lærte barnet den første kveldsbøn og den første bordbøn og lærte det om Jesus Kristus som Herre og Frelser. Dei mange gode kristne heimane i landet vårt er slik samfunnet sin ryggrad.

Så ser vi også for auge dei mange trufaste lærarar som sto rundt i skolehusa våre år etter år og gråna i hår og eldast i kropp medan dei gjorde godt arbeid. Korleis skulle det ha vore med oss utan alle dei kallsbevisste lærarfolka? Eksamenpapira var vel ikkje like gode for alle, pedagogikken ikkje like klår. Det fekk no våga seg for den samanheng vi i dette stykket står, — dei lærte iallefall barna våre vryrdnad for det heilage og DEN HEILAGE JESUS KRISTUS. Ikkje alle dei lærarfolk eg har kjent i fleire bygdelag ville vel våga å kalla seg personleg kristne, men dei var solidariske. Kvar morgon song dei eit salmevers og bad ei bøn med elevane sine og dei slut-

ta dagen like eins. Dei fleste av oss som no er komne eit stykke ut i åra hugsar med kjærleik dei mange salmar vi lærte ved å synga dei inn og vi hugsar med kjærleik læraren som lærte oss dei. Enno er det mange-mange unge lærarar som på same vis praktiserer skoleloven sin intensjon og det gled vi oss over. Om den dagen kjem at det blir slutt med dette, da sluttar kristenkulturen i skolestova. Ei lekse derifrå og dit kan aldri verta anna enn kunnskapsstoff om det ikkje vert praktisk liv. Kanhende heng også ei kristen omramming av skoledagen nøye saman med ro og orden i klassen? Slik vi kallar disiplin? Eg reiser berre spørsmålet til ettertanke.

Kyrkja, og kyrkja sine menn? Å ja, det har vore og vil vera vise og uvise tenarar mellom dei også. Brodne kar finns i alle land. Og likevel kjenner eg stor vryrdnad kvar einaste gongen eg kjem inn i sakristiet i ei gamal kyrkje og ser for meg alle mine medtenarar gjennom alle hundre-år. Dei bar ein stafett frå ætt til ætt, — dårleg eller godt —, vel, dei bar den.

Om heim, skole og kyrkje saman kunne makte å få borna våre og dei unge glade i kyrkje og den kristne kulturarven — så har vi vunne alt. Ungdoms moral og ungdoms framferd er uløysleg knytt til det livssyn eller mangel på livssyn som dei unge måtte ha. (Det gjeld sjølvsagt oss eldre også.) Trur ein ikkje på Gud — så held ein heller ikkje dei bod Gud har gjeve. Sett på spissen vil eg segja det slik at det berre er den kristne ungdommen (eller den som lev på kristen arv) som kan heidra mor og far.

Alle foreldre vil at barna skal få den best mogelege start i livet, men mange trur at ein god start berre beror på god utdanning og god økonomi. Det beror vel på det også, men mest er det karaktervokster — kulturvokster og åndsvokster det beror på. For å segja det som ein far sa til son sin på konfirmasjonsdagen: «EG ØNSKER AT DU MÅ GJERA DET GODT I LIVET GUTEN MIN, MEN MEIRE ENDA ØNSKER EG AT DU MÅ VER-TA GOD.» **Kaare Rogstad**

## Dette sa kommunestyret nei til!

### PROTOKOLL

fra fellesmøte mellom Orkland sokneråd, Orkdal sokneråd, Orkanger sokneråd og Geitastrand sokneråd 6. juni 1977.

Det møtte 29 representanter for sokneråda. Dessuten møtte fjellkirkerådet og styret for Søvasskjølen fjellkirke. I alt var 34 representanter til stede.

#### Søvasskjølen fjellkirke.

- Vedtaket i Orkdal kommunestyre under sak 185/77 ble referert.
- Uttalelse fra fellesmøte mellom styret for Søvassli ungdomssenter og styret for Søvasskjølen fjellkirke 1. juni 1977 ble referert.
- Skriv av 1.6. 77 fra biskop Godal ble referert.

#### Enstemmig vedtak:

Sokneråda i Orkdal samla til fellesmøte 6. juni 1977 viser til sak 185/77 i Orkdal kommunestyre og vil gi slik uttalelse:

- Orkdal sokneråd vedtok i 1968 å oppnevne ei arbeidsnemnd for reising av et «høgfjellskapell» på Søvasskjølen.
- Flere tomtealternativer ble vurdert. «Søvassli feriested» skulle selges og det ble nøye drøfta muligheten for å kjøpe dette stedet til kapell.  
Under en befaring i 1966 fant nemnda ut at stedet ligger noe for langt ut i forhold til der hvor turfolk og en god del av hyttefolkene befinner seg, — for å kunne dekke de funksjoner en fjellkirke skal dekke. Nemnda gikk derfor inn for prinsipielt å få tomt på Ola Bakks eiendom, sekundært på Olav Solems eiendom, — på Søvasskjølen.
- Norsk Luthersk Misjonssamband kjøpte Søvassli feriested i 1969 for å bruke stedet som ungdomssenter. Det eies i dag av to kretser, Nordmøre krets og Trøndelag krets av NLM.
- I 1974 ble det gjort vedtak om å benytte seg av tilbud om gratis tomt til fjellkirke på eiendommen til Ola Bakk. På grunn av forskjellige forhold falt imidlertid alternativet med tomt på Ola Bakks eiendom bort.  
I stedet ble gratis tomt til fjellkirke gitt av NMS sin eiendom Bakksetra. Denne tomte ble

vurdert til å ligge svært gunstig til for å dekke ei fjellkirkes funksjoner på Søvasskjølen.

- Endelig vedtak om å bygge fjellkirke på Søvasskjølen, — på eiendommen gitt av NMS, — ble gjort på fellesmøte mellom Orkdal kirkelege fellesråd og plankomiteen for Søvasskjølen fjellkirke 19. juni 1975. På samme møtet ble også tegninger vedtatt innkjøpt og statutter vedtatt.
- Fellessrådet valgte et råd for fjellkirke og ga dette rådet i oppdrag å arbeide for å få saken realisert. Rådet valgte et eget styre til å lede det daglige arbeidet.
- Utgangspunktet når det gjelder reising av fjellkirke i Orkdal er de fire sokneråda i kommunen. Her sitter det folk fra forskjellige kristelige organisasjoner. Dersom det hadde vært aktuelt å drøfte spørsmålet om en eventuell felles utbygging av fjellkirke og ung-

### Slik er det i Korea

Omtrent alle kristne i Korea gir tiende. Ingen kan få verv i menigheten som ikke oppfyller dette minstekrav! Men når man snakker om tiende i Korea, så gjelder ikke det bare økonomien. En troende skal også gi tiende av sin tid, sin bil, og sitt hjem, for bare å nevne noe. — Den kirken hvor vi hadde seminaret, er nettopp blitt ombygd. Ca. 700-800-000 n.kr. som trengtes til det formålet, ble gitt av troende ekstra i løpet av ett år! Og disse pengene kommer ikke fra noen rikfolk. Nei, alle troende virkelig ofret slik at det kjentes. Men så står også det synlige resultatet der — en imponerende bygning der tusener av barn, ungdom og voksne samles hver uke til bønn og lovprisning av sin Frelser og Herre.

(A. Bruno Jakobsen i Norsk Misjonstidende).

domssenter, ville dette naturlig ha kommet fram under behandlingen av saken tidligere.

Ut fra dette er det klart at det er de fire sokneråda i kommunen som står ansvarlig for vedtaket om at det skal bygges fjellkirke på eiendommen gitt av NMS på Bakksetra på Søvasskjølen. Styret har derfor hele tiden arbeidet ut fra disse forutsetningene.

- I fylkesplanen har biskop Godal uttalt at det vil være behov for reising av fjellkirke på Søvasskjølen i planperioden fram til 1985.
- Orkdal kommunestyre behandlet fylkesplanen under sak 396/75 i møte 9. september 1975 og gjorde der slikt vedtak:

«I avsnittet kirke og kultur er det uttalt av biskop Godal at det i perioden fram til 1985 vil være behov for reising av ei fjellkirke på Søvasskjølen i Orkdal. En vil peke på at det i de kirkelege instanser i kommunen arbeides med en realisering av disse planene og at en finner det riktig at dette blir tatt med i fylkesplanen».

- Sokneråda oppfatter ovenstående vedtak som en tilslutning til tanken om at det skal bygges fjellkirke på Søvasskjølen og har i sitt arbeid lagt vekt på dette vedtaket.
- Som det går fram av de vedtak som er gjort under det forberedende arbeid med denne saken, er det primære siktemålet med fjellkirka å dekke tur-området med gudstjenester. Tur-folket er i vesentlig grad å finne i fremre del av fjellet, fra parkeringsplassen på Høgekjølen. Dessuten er det innregulert ny parkeringsplass langs riksvegen ved Bjørkøybekken som vil forsterke oppfarten av turfolk i det aktuelle området.  
Når det gjelder besøksfrekvensen i dette området, kan en f.eks. nevne at denne i siste påske iflg. politiet var slik:

#### Søvasskjølen:

Skjærtorsdag: 1000 biler  
Langfredag: 1750 biler  
Påskeaften: 900 biler  
1. påskedag: 2500 biler  
2. påskedag: 700 biler

#### Våvatnet:

360 biler  
600 biler

570 biler  
1000 biler  
500 biler

På store utfartsdager kan det være tale om 7.000 — 10.000 mennesker som søker ut i Søvasskjøl-området. Behovet for fjellkirke her synes derfor overveldende.

I tillegg har det vært enighet om å planlegge kirka slik at den kan dekke også andre funksjoner etter hvert som behovene vil melde seg. Det er i første rekke tenkt på serveringsmuligheter. Dessuten vil kirka bli planlagt slik at det kan innredes en sokkeletasje med bl.a. soverom til å dekke eventuelle behov som skolelag eller andre måtte ha. En slik kombinasjonsmulighet er for øvrig vanlig ved mange sportsskapell og en slik mulighet bør også stå åpen ved denne fjellkirka.

Under arbeidet med finansieringen av kirkebygget er det dessuten blitt klart at for å oppnå de best mulige låne- og tilskuddsordninger, må forskjellige funksjoner kunne fylles, bl.a. servering.

- Tegninger til kirka er innkjøpt. Tegningene er identisk med tegningene til Skirva fjellkirke i Telemark.
- Det foreligger følgende godkjenninger:
  - Fra Kirke- og undervisningsdepartementet: Godkjenning av tomt og



Gordon Johnsen på Orkdalsbesøk 24. - 25.9.

tegninger av bygg til kirkelig bruk.

- Fra fylkeslanbruksstyret: Godkjenning av utskilling av tomt.

- Til reising av Søvasskjølen fjellkirke er det hittil gitt følgende gaver:
  - Gratis tomt gitt av NMS.
  - 220 m<sup>3</sup> tømmer gitt av Statens skoger, herav er 150 m<sup>3</sup> hogd og drevet fram.
  - Dugnad med hogging og kjøring av tømmeret.
  - Innsamlingsaksjoner i hele kommunen samt direkte gaver har hittil gitt i alt ca. kr. 120.000,—

- Ut fra det som her er nevnt, skulle det gå fram at valg av sted for fjellkirke på Søvasskjølen er nøye vurdert. Det er videre klart at Søvassli ungdomssenter og Søvasskjølen fjellkirke vil dekke hver sine oppgaver og til sammen vil de utfylle hverandre. Arbeidsfeltet er her så stort og mangeartet at det er bruk for flere arbeidslag. Det vil ikke være tale om noen konkurranse mellom disse stedene. Innen det kristelige arbeidet er det i stedet tale om samarbeid for å nå et felles mål. En viser i denne sammenheng til felles uttalelse av 1.6. 77 fra styret for Søvassli ungdomssenter og styret for Søvasskjølen fjellkirke. Sokneråda i kommunen vil understreke at det her er tale om så store og viktige oppgaver at det ikke er forsvarlig å utsette løsningen av dem. Det må i stedet settes fortgang i arbeidet med å få denne felles menighetssaken løst.

- I det en viser til ovenstående vil alle sokneråda i kommunen samlet til felles møte be om at Orkdal kommunestyre snarest mulig realitetsbehandler søknaden om lån og tilskott til Søvasskjølen fjellkirke. En utsetting av saken i Orkdal kommunestyre vil bety en ytterligere forsinkelse og en fordyrelse av byggingen.  
Sokneråda vil sterkt understreke betydningen av å få klarhet i kommunestyrets stilling til denne saken og ber om at søknaden blir behandlet i kommunestyret før sommerferien.

Tormod Hagen  
fung. sekretær  
på møtet

### OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett. Vi hjelper Dem med dette.

### Fotograf Kvarsnes

SE VAR MUSIKKAVD. FOR ORGLER - GITARER o.s.v.

Tlf. 80 356 Orkanger

### Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

### Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00  
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00  
(Tlf. 80 450)

Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30  
(Tlf. 82 191)

Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30  
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer stengt.

### Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir

Skolemateriell

80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

Svorkmo  
Handelsamlag

## GUDSTJENESTER

### 21.8. 11. s. e. treeining

**Orkanger k. kl. 11:** Høgmesse v. kallskap. Slettahjell. Nattverd. Offer til Orkanger menighetshus.

### 25.8. 12. s. i treeining

**Geitastrand k. kl. 11:** Høgmesse v. kallskap. Slettahjell. Buss frå Råbygda.

### 4.9. 13. s. i treeining

**Orkdal k. kl. 11:** Høgmesse v/ prost Rogstad

**Orkanger k. kl. 11:** Høgmesse v/ res. kap. Eidhamar. Offer til Søvaasskjølen fjellkyrkje.

**Moe k. kl. 11:** Høgmesse v/ kalls. kap. Slettahjell

### 11.9. 14. s. i treeining

**Orkdal k. kl. 11:** Høgmesse v/ kalls. kap. Slettahjell. Nattverd. Offer til skolelaget på Follo.

**Geitastrand k. kl. 11:** Høgmesse v/ res. kap. Eidhamar. Nattverd. Buss frå Råbygda

**Hoston f. s. hus kl. 11:** Gudstenestleg møte v/ prost Rogstad.

**Tjønnåsen kl. 15:** Innviing av leirplassen.

### 18.9. 15. s. i treeining

**Orkanger k. kl. 11:** Høgmesse v/ prost Rogstad. Nattverd

**Moe k. kl. 11:** Høgmesse v/ res. kap. Eidhamar. Nattverd. Offer til menighetsarbeidet.

**Stokkhaugen bedehus kl. 11:** Gudstenestleg møte v/ kalls. kap. Slettahjell.

### 25/9 16. s. i treeining

**Moe k. kl. 11.** Høgmesse v/Gordon Jonssen og res. kap. Eidhamar. Offer til Modums Bad og nervesanatorium.

**Rennebu k. kl. 11.** Prostiets kirkedag der kallskap. og prost er med. På ettermiddagsmøte der kl. 14.30 talar også Gordon Jonssen.

### 2/10 17. s. i treeining

**Geitastrand k. kl. 11.** Høgmesse v/kallskap. Slettahjell. Buss frå Husdalen.

**Orkanger k. kl. 11.** Høgmesse v/res. kap. Eidhamar.

**Orkdal k. kl. 11.** Høgmesse ved prost Rogstad. 50. årskonfirm. jubilerer. Offer til Søvaasskjølen fjellkirke.

## La oss bygge Fjellkyrkja - -

(Forts. fra s. 1.)

oppsetting som vårt samfunn gir er blitt så frynsete i kantane at det må mektige motkrefter til frå kyrkja si side om vi kan få rette opp det som alt er tapt.

I bladet ligg det vedlagt ein postgiroblankett. Bruk denne, og bruk han no! Tenk også over om ein skal ta verkeleg djupt i lommeboka denne gongen. Bygginga kan etter det som har skjedd desverre ikkje ta til dette året, men hjelp til slik at alt går fint med oppstarten våren 1978. Takk for hjelp og fellesskap! Gud har velsigna oss så rikeleg i livet: La oss reise Søvaasskjølen fjellkyrkje med takk og lovsong til Livets evige Herre!

## I Guds skole - -

Forts. fra s. 2

sindige og likeglade og sorgløse. Til dem lyder det: Fatt et annet sinn, og vi holder på å spore av.

Bibelen talar aldri trøst til de lettvend om! Men til de bekymrede og plagede som ingen utvei ser, roper Jesus også i dag: Kom til meg, alle dere som strever og bærer tunge bærer, og jeg vil gi dere kvile.

La oss handle etter det!

*Olaf Havdal*

Vi takker for denne gode og sterke helsinga frå gamleprosten! (Red.)

## Et misjonsjubileum

Orkdal misjonsforening regnes å være stiftet i 1856 den 8de juni. Men allikevel kan et lite 130 års jubileum feires i år. Den 3. juli 1847 ble det holdt et møte (i prestegarden?) etter innbydelse av sokneprest Andreas Lee Bull med den hensikt å stifte en misjonsforening. 14 medlemmer meldte seg. Allikevel ser det ut til at foreningen ikke var liv laga før 9 år senere. I Orkdal misjonsforenings første protokoll står dette innført på 1ste side:

«Aar 1847 den 3de Julie blev efter Indbydelse af Stedets Sogneprest holdt et Møde paa Gaarden af dem der maate interessere sig for Missionsagen, hvilket Møde havde til Hensigt at grundlegge en Missionsforening for Orkedals Prestegjeld, 14 Medlemmer tegnede sig til en Forening og de enedes om at henstille til Skole-

lærerne at virke for Sagen paa bedste Maade hver i sit Distrikt, med at utbrede Oplysning om Sagens Betydning og Hensigt til hvilken Ende der blev besluttet at Sognepresten skulde indkjøpe 6 Ex af Missionsbladets 1 te Aargang til Uddeling mellem Skolelærerne og til Afbenyttelse i de forskjellige Møder, og kunde Enhver yde Bidrag til Missionen og som, for hver gang tilstilles en nu antaget Kasserer, men det viste sig snart at Sagen paa den Maade ikke havde den forønskede Fremgang.

Aar 1856 den 8 de Juni holdtes derfor et Møde efter Overenskomst af nogle Venner paa Gaarden Stokken i Orkedalen hvor en Missionsforening under Navn af Orkedals Missionsforening blev grundlagt efter følgende Regler :

Søndag 28.8. blir dette 130 årsjubileet markert ved årets Bakkseter-stevne. Stevnet starter kl. 12 med gudsteneste ved prosten og festmøte kl. 14.30 ved misjonær Mikkelsen og kretssekretær Røvik.

Frå Høgsterettsdomar Tryggve Leivestad har Orkdal sokneråd fått i foræring eit målarstykke av Orkdal gamle kyrkje (Grotte kyrkje). Det er måla av Lorenz Bolmfeldt i 1888. Det kan nemnast at Leivestad er dotter-son til sokneprest Erik Skauge som var prest her 1886-1904. Målar-stykket er hengt opp i dåpssakristiet.

**MOTESERIE** blir det også i haust i Orkdal kyrkje 10. - 16. oktober. Misj. sekr. Gabriel Eikli er talar, sang og musikk frå ymse kor og musikklag.

## La oss be

- for alle som vedkjenner kristen-
- namnet at dei oppsøker Guds
- hus i fellesskapet.
- for semje mellom alle kristne.
- at det kan seiast om oss som dei
- første kristne: «Sjå kor dei
- eiskar kvarandre.»

## La oss takke

- for ein velsigna sommer.
- for åpne kyrkjer med forvaltning
- av ord og sakrament.
- for prestefamilien på Orkanger.